



OSTERØY
KOMMUNE

MØTEBOK
Heradsstyret



Møtedato: 22.04.2025
Møtetid: 16:00 - 19:00
Møtestad: Teams

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Kurt Ove Øksnes	Medlem	FRP
Lars Fjeldstad	Ordfører	SP
Alexander Thunestvedt	Varaordfører	AP
Ann Helen Solberg	Medlem	FRP
Turid Bjørndal Njåstad	Medlem	SP
Gerd Karin Njaastad	Medlem	SP
Johannes Haugland	Medlem	SP
Janne Daltveit Tveit	Medlem	SP
Frode Flesland	Medlem	SP
Herdis Helle	Medlem	AP
Ann Kristin Borge	Medlem	AP
Geir Olsen	Medlem	AP
Jarle Skeidsvoll	Medlem	KRF
Bjarte Hammer Aarland	Medlem	KRF
Kim Andre Hartveit	Medlem	FRP
Sigmund Arve Faugstad	Medlem	FRP
Ragnar J Tyssebotn	Medlem	FRP
Ruben Nielsen	Medlem	FRP
Sebastian Andre Haugland	Medlem	H
Johannes O Borge	Medlem	H
Aksel Mjøs	Medlem	H
Roald Waldemar Martinsen	Medlem	H
Renathe Tangen	Medlem	V
Roy Husebø	Medlem	INP
Trygve Tønnessen	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Helge Valestrand Edvardsdal	MEDL	SP
Roy Håkon Jenssen	MEDL	SV

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Vara for	Parti
Synne Thunestvedt		SV
Kjellaug Hartveit		SP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Politisk sekretær

Kommunedirektør

Kommunalsjef for felles oppvekst, undervisning og kultur

Leiar for felles oppvekst, undervisning og kultur

Juridisk rådgjevar

Ekstra informasjon til møte:

Møtet fann stad digitalt.

Møtebok er publisert på kommunen si nettside og vert godkjent i neste møte.

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
--------	------------

PS 34/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 35/25	Driftsutfordringar ved Fotlandsvåg skule - andregong høyring
PS 36/25	Andre saker/spørsmål

Lars Fjeldstad

Ordførar

PS 34/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Heradsstyret - 22.04.2025 av sak 34/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend

Vedtak i Heradsstyret - 22.04.2025 av sak 34/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vart godkjend

PS 35/25 Driftsutfordringar ved Fotlandsvåg skule - andregong høyring

Handsaming i Heradsstyret - 22.04.2025 av sak 35/2025 Driftsutfordringar ved Fotlandsvåg skule - andregong høyring:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Elevane ved Fotlandsvåg skule vert mellombels flytta til Lonevåg skule. Kommunedirektøren får i oppdrag å iverksetje vedtaket.

Framlegg til vedtak frå Geir Olsen (Ap), Herdis Helle (Ap), og Frp:

Dei 48 elevane ved Fotlandsvåg skule vert ikkje flytta mellombels til Lonevåg skule. Kommunedirektøren har ansvar for ei forsvarleg skuledrift i Fotlandsvåg, som opprettheld vedtatt skulestruktur.

Grunngjeving:

Dei opplysningane heradsstyret har fått i saka tyder på at arbeidsmiljøet ved Fotlandsvåg skule per i dag ikkje er godt nok. Det skuldast mangel på personale grunna sjukefråvær og anna fråvær. Mangel på personale går igjen utover læringsmiljøet, særleg for elevar med behov for forsterka tiltak kring seg.

Kommunedirektøren har gjort framlegg om å løyse problema med å treffe enkeltvedtak om mellombels flytting til Lonevåg skule. I varsel til føresette og utkast til enkeltvedtak, har kommunedirektøren synt til opplæringslova § 2-1 som rettsgrunnlag for enkeltvedtak om mellombels flytting. Opplæringslova har fleire føresegnar som gjev adgang til å gjere inngrep i elevane sin rett til å gå på nærskulen. Opplæringslova § 2-1 er ikkje ein slik inngrepsheimel. Den slår fast retten til grunnskuleopplæring. For heradsstyret er det såleis uklårt om dei vedtaka som kommunedirektøren ynskjer å gjere har heimel/vil være lovlege. Heradsstyret ser heller ikkje at det vil vere til det beste for elevane ved Fotlandsvåg skule å bli mellombels flytta til Lonevåg skule. I alle høve ser ikkje heradsstyret at det treng vere til det beste for samtlege elevar. Etter det vi har fått opplyst, er det elevar ved skulen med særskilte utfordringar knytt til funksjonshemmingar, livskriser og skulevegring. Elevane og foreldra har rett til å bli høyrte og synet deira skal vektleggast i avgjerder av denne karakteren. Heradsstyret har ikkje fått opplyst elevane og einskilde foreldre sitt syn og kan dermed ikkje ta stilling til korleis denne avveginga skal vere.

For å styrke arbeids- og læringsmiljøet i Fotlandsvåg, må kommunedirektøren syte for tilstrekkeleg personale på skulen fram til dei som har fråvær er attende. Informasjon i saka tyder også på at det er behov for styrka tiltak kring enkeltelevane, eksempelvis i form av miljøterapeut, miljøarbeidar, vernepleiar e.l. og eventuelt også barnekoordinator.

Det ligg innanfor fullmaktene til kommunedirektøren å tilsette nytt personale og vikarar på Fotlandsvåg. Det ligg også innanfor fullmaktene å be tilsette på andre skular i Osterøy kommune om frivillig overflytting til Fotland skule for ein kortare eller lengre periode, eksempelvis tilsette på Osterøy Ungdomsskule. Dersom det er naudsynt, kan styringsretten nyttast. Slik tilhøva i Fotland er, ser heradsstyret at det er behov for å bruke tilsette med god og brei røynsle frå skulen.

Vedtaket til heradsstyret er ikkje til hinder for at føresette kan søke om frivillig flytting av sine barn til Lonevåg eller andre skular i kommunen. Det er heller ikkje til hinder for at kommunedirektøren kan treffe vedtak om skulebyte for einskildelevane. Det siste føreset at vilkåra for dette i kapittel 4 i forskrift om skulekrinsar for Osterøy og/eller opplæringslova er oppfylte.

Tilleggsforslag frå Lars Fjeldstad (SP):

Kommunedirektøren får fullmakt ut skuleåret til å midlertidig gjere endringar i forskrift om opningstider på SFO for å avhjelpe situasjonen på Fotlandsvåg Skule om dette er vurdert som hensiktsmessig.

Tilleggsforslag frå Trygve Tønnessen (FRP):

Tilleggsforslag til Herdis Helle sitt fellesforslag. Saken om skolenedleggelse sendes til kontrollutvalget for behandling.

Tilleggsforslag 1 frå Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Synne Thunestvedt (SV):

Fotlandsvåg skule skal vere i drift.

Tilleggsforslag 2 frå Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Synne Thunestvedt (SV):

Kommunedirektør får fullmakt til å etablere ordning med rekrutteringstillegg for eksisterande og nye tilsette ved Fotlandsvåg skule. Ordninga gjeld ut skuleåret 2024/2025. Inndekking vert plassert i revidert budsjett, men ordninga gjerast gjeldande frå dags dato. Grunngeving: Tilhøva og læringsmiljøet ved Fotlandsvåg skule heng tett saman med bemanningssituasjonen over tid. Om vakansar og sjuke- og andre vikariat vert dekkja inn, vil skuledrifta vere i henhold til vedtekne rammer og jamføre mellom anna Opplærings- og Arbeidsmiljølova. Forlenging av ordninga kan eventuelt vedtakast av heradstyret 19. juni.

Tilleggsforslag 3 frå Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Synne Thunestvedt (SV):

Heradsstyret ber kontrollutvalet gå gjennom og vurdere prosessen og sakshandsaminga i denne saka opp mot relevant lovverk.

Tilleggsforslag 4 Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H) og Synne Thunestvedt (SV):

Kontrollutvalet sin gjennomgang skal omfatte korleis andre kommunale tenester eventuelt har vore eller skulle ha vore involverte.

Votering:

Innstilling fra administrasjon fell med 8 røyster for og 19 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Røyster mot: Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP),

Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Trygve Tønnessen (FRP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Roy Husebø (INP), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V)

Framlegg til vedtak frå Geir Olsen (Ap), Herdis Helle (Ap), og Frp vart vedteke med 14 røyster for og 13 røyster mot.

Røyster for: Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Trygve Tønnessen (FRP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Roy Husebø (INP), Renathe Tangen (V)

Røyster mot: Alexander Thunestvedt (AP), Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Synne Thunestvedt (SV)

Tilleggsforslag frå Lars Fjeldstad (SP) vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslag frå Trygve Tønnessen (FRP) vart vedteke med 18 røyster for og 9 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Trygve Tønnessen (FRP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Roy Husebø (INP), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V)

Røyster mot: Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Gerd Karin Njaastad (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Tilleggsforslag 1 Fra Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Synne Thunestvedt (SV) vart vedteke med 24 røyster for, 3 røyster mot.

Røyster for: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Trygve Tønnessen (INP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Ordførar Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP), Roy Håkon Jenssen (SV), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V)

Røyster mot: Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP)

Tilleggsforslag 2 frå Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Synne Thunestvedt (SV) vart vedteke med 17 røyster for og 10 røyster mot.

Røyster for: Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Trygve Tønnessen (FRP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Roy Husebø (INP), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V)

Røyster mot: Alexander Thunestvedt (AP), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Lars Fjeldstad (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Tilleggsforslag 3 Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H) og Synne Thunestvedt (SV) vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslag 4 Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H) og Synne Thunestvedt (SV) vart vedteke med 17 røyster for og 10 røyster mot.

Røyster for: Ann Helen Solberg (FrP), Kim Andre Hartveit (FrP), Kurt Ove Øksnes (FrP), Ragnar J Tyssebotn (FrP), Ruben Nielsen (FrP), Sigmund Arve Faugstad (FrP), Aksel Mjøs (H), Johannes O Borge (H), Roald Waldemar Martinsen (H), Sebastian Andre Haugland (H), Trygve Tønnessen (FRP), Bjarte Hammer Aarland (KrF), Jarle Skeidsvoll (KrF), Lars Fjeldstad (SP), Roy Husebø (INP), Synne Thunestvedt (SV), Renathe Tangen (V)

Røyster mot: Alexander Thunestvedt (AP), Ann Kristin Borge (AP), Geir Olsen (AP), Herdis Helle (AP), Frode Flesland (SP), Gerd Karin Njaastad (SP), Janne Daltveit Tveit (SP), Johannes Haugland (SP), Kjellaug Hartveit (SP), Turid Bjørndal Njåstad (SP)

Vedtak i Heradsstyret - 22.04.2025 av sak 35/2025 Driftsutfordringar ved Fotlandsvåg skule - andregong høyring:

Dei 48 elevane ved Fotlandsvåg skule vert ikkje flytta mellombels til Lonevåg skule. Kommunedirektøren har ansvar for ei forsvarleg skuledrift i Fotlandsvåg, som opprettheld vedtatt skulestruktur.

Grunngjeving:

Dei opplysningane heradsstyret har fått i saka tyder på at arbeidsmiljøet ved Fotlandsvåg skule per i dag ikkje er godt nok. Det skuldast mangel på personale grunna sjukefråvær og anna fråvær. Mangel på personale går igjen utover

læringsmiljøet, særleg for elevar med behov for forsterka tiltak kring seg. Kommunedirektøren har gjort framlegg om å løyse problema med å treffe enkeltvedtak om mellombels flytting til Lonevåg skule. I varsel til føresette og utkast til enkeltvedtak, har kommunedirektøren synt til opplæringslova § 2-1 som rettsgrunnlag for enkeltvedtak om mellombels flytting. Opplæringslova har fleire føresegnar som gjev adgang til å gjere inngrep i elevane sin rett til å gå på nærskulen. Opplæringslova § 2-1 er ikkje ein slik inngrepsheimel. Den slår fast retten til grunnskuleopplæring. For heradsstyret er det såleis uklårt om dei vedtaka som kommunedirektøren ynskjer å gjere har heimel/vil være lovlege.

Heradsstyret ser heller ikkje at det vil vere til det beste for elevane ved Fotlandsvåg skule å bli mellombels flytta til Lonevåg skule. I alle høve ser ikkje heradsstyret at det treng vere til det beste for samtlege elevar. Etter det vi har fått opplyst, er det elevar ved skulen med særskilte utfordringar knytt til funksjonshemmingar, livskriser og skulevegring. Elevane og foreldra har rett til å bli høyrte og synet deira skal vektleggast i avgjerder av denne karakteren. Heradsstyret har ikkje fått opplyst elevar og einskildforeldre sitt syn og kan dermed ikkje ta stilling til korleis denne avveginga skal vere.

For å styrke arbeids- og læringsmiljøet i Fotlandsvåg, må kommunedirektøren syte for tilstrekkeleg personale på skulen fram til dei som har fråvær er attende. Informasjon i saka tyder også på at det er behov for styrka tiltak kring enkeltelevlar, eksempelvis i form av miljøterapeut, miljøarbeidar, vernepleiar e.l. og eventuelt også barnekoordinator.

Det ligg innanfor fullmaktene til kommunedirektøren å tilsette nytt personale og vikarar på Fotlandsvåg. Det ligg også innanfor fullmaktene å be tilsette på andre skular i Osterøy kommune om frivillig overflytting til Fotland skule for ein kortare eller lengre periode, eksempelvis tilsette på Osterøy Ungdomsskule. Dersom det er naudsynt, kan styringsretten nyttast. Slik tilhøva i Fotland er, ser heradsstyret at det er behov for å bruke tilsette med god og brei røynsle frå skulen.

Vedtaket til heradsstyret er ikkje til hinder for at føresette kan søke om frivillig flytting av sine barn til Lonevåg eller andre skular i kommunen. Det er heller ikkje til hinder for at kommunedirektøren kan treffe vedtak om skulebyte for einskildelevlar. Det siste føreset at vilkåra for dette i kapittel 4 i forskrift om skulekrinsar for Osterøy og/eller opplæringslova er oppfylte.

Kommunedirektøren får fullmakt ut skuleåret til å midlertidig gjere endringar i forskrift om opningstider på SFO for å avhjelpe situasjonen på Fotlandsvåg Skule om dette er vurdert som hensiktsmessig.

Tilleggsforslag til Herdis Helle sitt fellesforslag. Saken om skolenedleggelse sendes til kontrollutvalget for behandling.

Fotlandsvåg skule skal vere i drift.

Kommunedirektør får fullmakt til å etablere ordning med rekrutteringstillegg for eksisterande og nye tilsette ved Fotlandsvåg skule. Ordninga gjeld ut skuleåret 2024/2025. Inndekking vert plassert i revidert budsjett, men ordninga gjerast gjeldande frå dags dato. Grunngeving: Tilhøva og læringsmiljøet ved Fotlandsvåg skule heng tett saman med bemanningssituasjonen over tid. Om vakansar og sjuke- og andre vikariat vert dekkja inn, vil skuledrifta vere i henhold til vedtekne rammer og jamføre mellom anna Opplærings- og Arbeidsmiljølova. Forlenging av ordninga kan eventuelt vedtakast av heradstyret 19. juni.

Heradsstyret ber kontrollutvalet gå gjennom og vurderer prosessen og sakshandsaminga i denne saka opp mot relevant lovverk.

Kontrollutvalet sin gjennomgang skal omfatte korleis andre kommunale tenester eventuelt har vore eller skulle ha vore involverte.

PS 36/25 Andre saker/spørsmål

Handsaming i Heradsstyret - 22.04.2025 av sak 36/2025 Andre saker/spørsmål:

Vedtak i Heradsstyret - 22.04.2025 av sak 36/2025 Andre saker/spørsmål:

Det vert ikkje fatta noko vedtak i denne saka.